

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 21.08. 2013  
Frå: **Administrerende direktør**  
Sakshandsamar: **Ingvill Skogseth**  
Saka gjeld: **Legebil i Helse Fonna HF**

## Administrerende direktør si orientering pkt 5

**Styresak 087/13 O**

**Styremøte 03.09. 2013**

---

### Bakgrunn

Styret i Helse Vest behandla i møte 6. mars 2013 som sak B 25/13; *Vurdering av døgnbemanna legeambulanse i Helse Fonna HF.*

Styret gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest RHF overfører kroner 4 million til Helse Fonna HF årleg til bruk i prehospitala tenester/akuttmottak, gjerne som bidrag til dag/døgnbemanna legebil.
2. Det er Helse Fonna som må vurdere korleis midlane skal nyttast.

Styret gjekk også inn for at det er Helse Fonna som må vurdere korleis midlane skal nyttast, og om dei ønskjer det skal gå til dag/døgn bemanna legebil.

Styret ønska tilbakemelding på korleis Helse Fonna vel å nytte midlane.

### Kommentarar

Helse Fonna HF har i brev datert 5. juni 2013 gitt tilbakemelding om plan for bruk av midlane (vedlegg).

Planen er å utvide drifta av legebilen frå klokka 15.30 til 20.00 fem dagar i veka. Dette vil dekke ettermiddags- og kveldstimar då aktiviteten i samfunnet er stor både med omsyn til trafikk, fritidsaktivitetar og anna. Det er førebels ikkje funne rom for utviding til helg og natt.

Det er planlagt ei styrking av vurderingskompetanse i akuttmottak ved å auke bemanninga med ein medisinsk assistentlege på dagtid. Akuttmottak er ein del av den akuttmedisinske kjeda. Det har i lengre tid vore fokus på tilhøva i norske akuttmottak med stor tilstrømning av pasientar og tidvis lange ventetider. Haugesund sjukehus har også desse utfordringane. Fleire sjukehus har vurdert styrking av legeressursar i mottak som det beste tiltaket for å kunne gjere gode medisinsk faglege vurderingar, og få pasienten til rett behandlingsnivå raskt.

Utviding av legebil og styrking av legetenesta i akuttmottak er tenkt gjennomført hausten 2013.